

## Notat

**Til:** Fagopplæringsnemnda i SFFK og yrkesopplæringsnemnda i HFK

**Frå:** Fylkesdirektørane for opplæring i SFFK og HFK

## Oppnemning av prøvenemnder i Vestland frå og med 01.01.20

### Rettsleg grunnlag

Opplæringslova §§ 4-8, 12-3 6. ledd  
Forskrift til opplæringslova § 3-52

### Samandrag

Prøvenemnder vert oppnemnd og administrert av fylkeskommunen, jf. opplæringslova § 4-8 og forskrift til opplæringslova § 3-52. Kvar nemnd skal ha minst to medlemmer som har formell fagleg kompetanse innanfor fagområdet, og dei skal så langt det er mogeleg ha oppdatert arbeidslivserfaring i faget.

Frå 01.01.20 skal prøvenemndene være oppnemnd i og skal utføre oppdrag for Vestland fylkeskommune. I oppnemninga vil vi ta geografiske omsyn for i størst mogeleg grad å unngå lange reiser for prøvenemndene.

Begge fylka må ha ei felles forståing av kva kriterier som skal gjelde for oppnemning og honorering av prøvenemndsmedlemmer. Oppnemning og opplæring må være fullført i løpet av hausten 2019, slik at nemndene er i funksjon frå 01.01.20.

Fylkeskommunen har ansvaret for å sikre at prøvenemndsmedlemmene har fått opplæring i dei formelle lovar og reglar som gjeld for arbeidet og at dei har vurderingsfagleg kompetanse før dei starter arbeidet som prøvenemnd.

Prøvenemndene vert og nytta som yrkesutval. Yrkesutvala kan nyttast til dømes ved godkjenning av nye lærebedrifter og i andre saker der fylkesadministrasjonen treng ei fagleg vurdering.

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune må sikre likeverdige tilhøve for alle parter, og må være einige om

- oppnemningsperiode
- kriterium
- opplæring
- honorering av arbeidet

Arbeidet med prøvenemnder er ein svært viktig oppgåve for fylkeskommunen. I Vestland vil vi ha trong for om lag 1100 personar for å gjennomføre ca. 4000 prøver pr. år i meir enn 100 ulike fag. Fag- og sveineprøver vert gjennomført heile året, men med det største talet prøver i mai-juni og i august-september.

Det er viktig at partane i arbeidslivet kjem med forslag på kandidatar til prøvenemndene. Partane må ha eigarskap til fagopplæringa for å sikre at medlemmer i prøvenemndene kjem frå både arbeidsgjevar- og arbeidstakersida, og at prøvenemndsmedlemmene får høve til å utføre det viktige arbeidet med å vurdere fag- eller sveineprøver for nye fagarbeidarar.

## **Kriteria for arbeidet i prøvenemndene**

### Oppnemningsperiode

Prøvenemndsmedlemmer vert oppnemnt for ein periode for 4 år frå og med 01.01.20 og fyl fylkestingsperiodane. For å sikre at det er nok tid til opplæring av prøvenemndene før årsskiftet, vert oppnemninga gjort om lag 6 mnd. før ny periode startar.

Medlemmar i prøvenemnd kan som hovudregel ikkje være oppnemnd for meir enn tre samanhengande periodar.

Vi har mange medlemmer som har vore i prøvenemnd samanhengande sidan 90-tallet. Samtidig som dei sikrar kontinuiteten i arbeidet, skjer det av og til at nokon får eit usunt eigarskap til faget og til måten å gjennomføre prøvene på. Det er sunt med utskifting av medlemmer i prøvenemndene med jamne mellomrom. Slik kan ein jamt sleppe nye fagfolk til som kan sjå på prøvegjennomføringa med nye auge. I nokre fag kan det være vanskeleg å skaffe nye medlemmer i prøvenemnda fordi faget og fagmiljøa er små. I slike tilfelle må hovudregelen for oppnemninga vurderast.

### Kompetanse

Medlemmer i prøvenemnd skal ha fag- /sveinebrev og som hovudregel være aktiv i faget. Dei må ha oppdatert kompetanse og oppdatert arbeidserfaring i faget. I nye fag kan minimum 5 års praksis i faget erstatte fag- /sveinebrev.

Prøvenemndene har en overordna rolle i å kvalitetssikre sitt fag ved å vurdere sluttkompetansen for kandidaten. Medlemmer i prøvenemnd må ha relasjonskompetanse, gode kommunikasjons- og samarbeidsevner samt gode digitale og skriftlige ferdigheter. Fylkeskommunen skal sikre at prøvenemnda har tilfredsstillande kompetanse til å vurdere prøva før dei startar sitt arbeid.

Dei som vert oppnemnd må ha interesse for ungdom og stor interesse for faget. Dei må ha høve til å få fri frå sitt vanlege arbeid for å utføre sitt verv som prøvenemndsmedlem. Dette må være avklart med arbeidsgjevar på førehand. Medlemmane må normalt vere eksterne til lærebedrifta og skulen der kandidaten har fått opplæring. Når ein er oppnemnt i prøvenemnd, er det ein plikt å delta på prøver og å arbeide for ei effektiv prøveavvikling slik at det ikkje vert for lang ventetid for kandidatane. Det siste er særskilt viktig etter at nye forskrifter gir lærlingar og lære kandidatatar rett til å få avlagt sin prøve før læretida er omme.

## **Opplæring**

Fylkeskommunen arrangerer kurs og møter for prøvenemndene for å sikre at prøvene vert gjennomført etter regelverket. For perioden som startar 01.01.2020, må opplæringa for dei 25 største faga bli gjennomført hausten 2019 og være ferdig innan årsskiftet. For dei mindre faga kan opplæringa bli gjennomført i perioden januar-mars 2020. Fylkeskommunen vil og arrangere kurs og møter jamleg i løpet av den 4-årsperioden oppnemninga gjelder for.

Den einskilde medlemmen i prøvenemnda har plikt til å delta på etterutdanning og møter som fylkeskommunen arrangerer for nemnda. Kurs og samarbeidsmøter er obligatorisk for både nye og gamle medlemmer slik at dei alltid er oppdaterte om ev. endringar i lover, forskrifter og læreplanar i perioden. Vurderingskompetansen kjem til å få større merksemd i opplæringa av nemndene framover. Medlemmer som ikkje deltek på kurs, vil ikkje bli brukt i prøvenemnda.

I 2019 og 2020 kjem det til å bli trong for meir midlar i budsjettet til opplæring av prøvenemndsmedlemmer enn det som vi bruker i resten av oppnemningsperioden.

## **Klager**

Fylkesdirektøren må ha høve til å permittere medlem frå arbeid i nemnda dersom fagopplæringa får gjentekne klager frå kandidatar eller bedrifter på måten prøvene vert gjennomførte.

## Ny oppnemning i Vestland fylkeskommune

Ved ny oppnemning av prøvenemnder, vil vi ta kontakt med dei prøvenemndene vi har og informere om kva kriterier som gjeld. Dei kan be om å få fortsette i prøvenemnd gitt at kriteria er oppfylte.

Når fylkeskommunane har fått oversikt over kven som skal halde fram og kva behovet for nye medlemmar er, tek vi kontakt med partane i arbeidslivet og informerer om behovet og frist for tilbakemelding.

Det er særst viktig at dette arbeidet har ei god forankring i yrkesopplæringsnemnda/ fagopplæringsnemnda, og at partane engasjerer seg i arbeidet med å skaffe nok kvalifiserte medlemmer til prøvenemndene.

### **Vedlegg:**

Kort om kva kriterium administrasjonen ønskjer for perioden 2020-2023.

Medlemmer i prøvenemnda:

- kan som hovudregel vera oppnemnd maksimum 3 samanhengande periodar
- skal ha fag- /eller sveinebrev i faget, ev. minst 5 års arbeidserfaring i faget i nye fag
- skal vera aktive i faget ved starten av oppnemningsperioden
- må ha god relasjonskompetanse og gode samarbeidsevner
- ha god digital kompetanse og gode skriftlege ferdigheit
- ha gjennomført fylkeskommunen sine kurs før arbeidet i prøvenemnda starter
- delta på møter og kurs arrangert av fylkeskommunen i løpet av oppnemningsperioden